

Jan Kåre Jakobsen:

"Av-seg-sjølvs"-gudstenester

Spørsmålsstilling

Spørsmålet som heile tida ligg og "ulmar" i *bakgrunnen* i det fylgjande, er: Korleis kan gudstenestene våre i høgare grad bli "inspirerande" opplevingar? Korleis kan vi leggja til rette for Guds gjerning? Korleis kan vi skapa gunstige vilkår for å aktivera det potensialet som Gud alt har lagt ned i kyrkjelyden? Svaret på desse spørsmåla er: Spel på lag med livet! Følg Guds livslover!

Eg skal no prøva å reflektera litt omkring desse utfordringane. Spørsmålet blir altså: Kva vil det meir konkret seia å fylgja Guds livslover? Det er med andre ord spørsmål etter kva ein konkret skal gjera for å setja Guds vekstautomatikk (Mark 4, 28) fri med tanke på gudstenesta. Det er desse livslovene (vekstlovene) som kjem til uttrykk gjennom dei 6 biotiske ("av-seg-sjølvs"-) prinsippa - som berre ulike innfallsvinklar til "men Gud gav vekst" (1 Kor 3,6).

Før vi meir konkret kan diskutera korleis vi kan bruka dei biotiske prinsippa med tanke på gudstenesta, er det nødvendig å fyrst definera både kva vi meiner med "gudsteneste" og kva vi ynskjer å oppnå i gudstenesta ved å tenkja biotisk, og handla etter Guds livslover.

Kva er "gudsteneste"?

Når vi feirer gudsteneste, er det Gud som tener oss - og vi som tener Gud. Men det er alltid Gud som begynner. Det er alltid han som tar initiativet - "Sjå, eg står for døra og bankar på!"; han tener oss gjennom ord og sakrament. Men utan vårt svar, utan at vi tener han i tilbeding og lovsong, blir det ikkje eit "møte", og inga gudsteneste. Dei som feirer gudsteneste, er difor *deltakarar*. Det er m.a.o. gudsteneste når menneske møtest for å møta Gud. Gudsteneste er difor fellesskap – fellesskap med kvarandre, og fellesskap med Gud.

At gudstenesta er "inspirerande" er noko meir og anna enn at det er "kult" og "hipt". Det er meir enn fiffige påfunn. Det er berre Gud/ Guds Ande (Spiritus sanctus) som kan gjera gudstenesta til ei inspirerande oppleving - på djupt nivå. Det skjer når han rører ved hjarto våre. Det er eit mål innan Naturleg kyrkjevekst at gudstenesta skal bli "meir inspirerande". Det vil utfrå denne innfallsvinkelen seia at kyrkjelyden i større grad skal oppleve seg som *deltakarar*: Det gjeld dei som *sit i benken*: Dei er deltakarar og ikkje er publikum (tilskodarar), - og det gjeld dei som *har konkrete oppgåver* i gudstenesta: Dei er deltakarar; dei *opptrer* ikkje med ulike "innslag".

Eit problem i denne samanhengen er at vi lever i ei tid der vi heile tida skal konsumera og "underhaldast". (Vi sit tilbaketil i sofaen og ser på fjernsynet). Denne haldninga tar vi lett med oss inn i gudstenestesamanhengen: Vi vurderer gudstenesta ut frå "nytte", eller ut frå rollen som passive tilskodarar. Målt med "underhaldningsmål" fell gudstenesta igjennom.

Men vi er *saman* om gudstenesta. Vi er *saman* ansvarlege for at gudstenesta blir tilbeding og til Guds ære. For meg er dette heilt grunnleggjande, og dette vil fylgjande.

"Biotiske" gudstenester

Vi snakkar om "inspirerande" gudstenester. Skåren som kjem fram i kyrkjelydsprofilen seier noko om "*kor* inspirerande" gudstenestene er. Vi kunne for så vidt like gjerne ha snakka om utrustande gudstenester, nådegåvebaserte gudstenester, livsnære gudstenester eller "varme" gudstenester

osb., eller i det heile: "biotiske gudstenester" ("av-seg-sjølv"- gudstenester). Desse ulike "biotiske element" er berre ulike innfallsvinklar for å mæla kvaliteten på (enkelt-element i) gudstenestene.

Ei gudsteneste består av mange enkelt-element. Det er med andre ord *mange* ting som til saman kan "stillast til disposisjon" for Gud og Guds vekstlover, og med det bidra til å gjera gudstenesta til ei inspirerende oppleving. Difor er det òg mange ting som må gå galt for at gudstenesta som heilskap skal opplevast "uinspirerende"; heldigvis!! – det gjeld både innhald og ramene som "omsluttar" innhaldet. Å leggja til rette for Guds Andes gjerning, vil i praksis seia å vurdere både heilsakpen og dei ulike enkelt-element i lys av "av-seg-sjølv"-prinsippa (dei biotiske prinsippa). Dersom eit konkret tiltak fyrst er biotisk, vil det ofte samsvara med *fleire* av dei 6 biotiske prinsippa.

I det fylgjande tar eg utgangspunkt i kvart enkelt av dei biotiske prinsippa og drøftar korleis dei kan vera til konkret hjelp i møte med utfordringa: Spel på lag med livet! Fylg Guds livslover!

Innbyrdes avhengighet

Vi kjenner det frå naturen – korleis det eine verkar inn på det andre: Fiskar vi for mykje lodde, går det ikkje berre ut over lodda, men også ut over torsken som beitar på lodda Ting heng saman! Prinsippet Innbyrdes avhengighet utfordrar oss altså til å tenkja *samanheng* og *langsiktig* - både innanfor sjølve gudstenestefeiringa, og mellom gudstenesta og dei andre "kvalitetane". Utfordringa er altså: Sørg for at ting heng saman!

Vi merkar denne samanhengen når det gjeld den grunnleggjande kommunikasjonen i gudstenesta: Dersom kyrkjelyden møter med opne og bedande hjarto, gjer det noko med predikanten, og det gjer noko med lovsongen, ja med heile atmosfæren. Det er dette som ligg til grunn når eg har understreka som heilt grunnleggjande at kyrkjelyden må forstå seg som deltakarar og ikkje som publikum/ tilskodarar/ konsumentar – eller som nokon som "opptrer"/ har eit "innslag".

Eit konkret døme: I folkekyrkjesamanheng har mange erfaring med å dra inn ulike "bygdekor" i gudstenesta, som nettopp skal "*opptre*" - både for å gjera gudstenesta til ein fest, og for å prøva å knyta band mellom kormedlemmane og kyrkjelyden. Det kan vera gode opplevingar der og då, men det vert lett ei "aud øy"; det byggjer berre i lita grad kyrkjelyden, og har liten positiv effekt på lang sikt. Det same kan seiast om evangeliseringskampanjar eller alpha-kurs der nye ikkje blir førte inn i kyrkjelyden og gudstenestelivet. Det same gjeld ulike typar invitasjonar ved særlege høve - som vi nyttar oss av ganske ofte i folkekyrkjesamanheng; dei blir lett ståande som aude øyar.

Eit apropos til "bygdekoret": Når vi legg til grunn at målet er å byggja kyrkjelyd, og ikkje berre styrkja nettverk som finst i lokalmiljøet (som i høg grad kan vera verdifullt!); då er det - i staden for å invitera bygdekoret - betre å etablere - om ikkje eit *kor*, så iallfall ei *forsongargruppe*, gjerne også med instrumentalistar, som *hjelper oss å syngja* i staden for å syngja *for* oss. Dei opptrer ikkje, men dei deltar og gjer oss til deltakarar.

Eit døme på samheng mellom gudsteneste og ein annan "kvalitet": Vi kan styrkja eigarforholdet til gudstenesta ved å knyta dei *livsnære gruppene* sterkare til gudstenesta. Det kan gjerast ved at gruppene temamessig tar føre seg det som var temaet i siste gudsteneste, og ved at dei får konkrete oppgåver i gudstenestene: Etter tur kan medlemar av gruppene koma med eit kort vitnemål, og etter oppsett plan kan gruppene også ansvarlege for ein enkel kyrkjekaffi etter gudstenesta. Etter kvart kan det kanskje bli også andre oppgåver. Dette samtidig verka styrkande på gruppefelleskapet.

Multiplikasjon

Planlegg og legg til rette slik at ting kan multiplisera seg! Vi kjenner det frå naturen – korleis treet ikkje berre blir større og ber meir frukt; men det set frø, og skaper nytt liv som er i stand til å bera frukt. Livsnære grupper (cellegrupper) og leiarfostring er nærliggjande døme frå kyrkjelivet.

Prinsippet fangar i lita grad opp sjølvte gudstenestefeiringa i snever meining, men derimot i rikt mon det som skjer “omkring” gudstenesta: Når nye får frimod til å ta ansvar i gudstenesta, når nye får opplæring, om det gjeld tekstlesarar eller lydteknikarar; når trufaste benkeslitarar inviterer andre med seg osv. I det store og heile: Når ein tenkjer utrustande leiarskap. Og endå vidare: Når gudstenestene veks slik at det vert nødvendig med fleire gudstenester.

Omforming av energi

Her dreier det seg om å ta vare på, setja pris på, og pusta på dei glørne av dei initiativ og “driv” som finst på grasrota, i staden for å *stansa* dei (enten fordi eg set piggane ut med ein gong eg luktar kritikk, eller fordi det ikkje var heilt slik som eg hadde tenkt, eller rett og slett fordi det var ein annan enn eg som hadde funne på det!). Ikkje minst i ungdomsmiljøa vrimlar det av initiativ og idear til korleis gudstenesta kan bli “deira”. Det kan t.d. dreia seg om *dans* eller *drama*. Kvifor ikkje nytta seg av dette “drivet” som mange ungdomar har, og la dei danna ei eiga gruppe som skal laga drama i gudstenesta? No er det så at ungdomlege initiativ har lett for å “ta litt av”; dei ser ikkje heilt konsekvensen av det dei vil setja i gong. Men akkurat som styrmannen med berre ei lita kraft på roret styrer seglbåten utanom fluer og skjær – men det er vinden som driv han - også i den nye retninga! – slik kan den kloke leiaren applaudera initiativet og engasjementet, samtidig som han set det heile inn i ein samanheng som byggjer opp kyrkjelyden. Det avgjerande er igjen at t.d. ei slik dramagruppe har sin identitet knytt til gudstenestearbeidet; at dei *deltar* og ikkje *opptrer*. (Sjølvsagt kan dei “opptre” i andre samanhengar i tillegg, men identiteten er knytt til gudstenesta).

Det det dreier seg om her, er altså å la menneske få tena “kvar med den nådegåve ein har fått” (1 Pet 4,10); ikkje appellera til det dårlege samvitet, men møta både kritikk og andre sine initiativ på ein konstruktiv måte.

Gjenbruk

Dette har med å komma inn i “den gode sirkel” å gjera; at ei bestemt handling fører til eit positivt resultat som i sin tur vil forsterka handlinga. Resultatet blir at tiltaket held seg oppe av seg sjølv. Det motsette er ei slags “lineær” tenking som i praksis går ut på at eit tiltak heile tida må tilførast “kunstig næring” for å overleva; det kan gjelda både økonomisk og elles. Det kan t.d. vera at det heng på enkeltpersonar. Utfordringa er altså: Sørg for at kvart enkelt-tiltak kjem inn i ein “god sirkel”.

Døme: Mange har erfaring med “gudstenesteutval” som enten er ide-børs for presten eller ei form for “støttegruppe” for presten sine ulike påfunn: dei er med å bestemmer, men dei er i mindre grad involverte i å gjennomføra det som er bestemt. Problemet er ofte at utvalet i for lita grad har eit “eigarforhold” til gudstenesta, og at dei i for lita grad er deltakarar; hovudoppgåva er å “forhandla” med ulike 3.-partar. Ei meir biotisk tilnærming vil vera å knyta ulike grupper opp mot gudstenesta (t.d. forsongargruppe/ kor og musikarar (ovf), dans/ drama (ovf), menneske som er flinke med utsmykking/ visualisering, forbønsgruppe, sundagsskule/ barnearbeid, livsnære grupper), og at leiarane i desse gruppene saman - med prest og kantor - samlast for å inspirera kvarandre og planleggja/ fordela. Men igjen: Det er heilt grunnleggjande at dei ulike grupperingane har ein identitet som knyter dei til gudstenesta, og ikkje er ein “3. part” som vi må “forhandla med”. Fyrst då kan det heile komma inn i ein god sirkel og vera “sjølvberande”.

Symbiose (Gjensidig fordel)

Dette dreier seg om at ulike personar, grupper og tiltak skal kunna dra fordel av at dei er ulike, spela på dei er gode på, og utfylla kvarandre. Det har med nådegåvebasert teneste og mangfald å gjera, og er det motsette av konkurranse.

Dømet ovanfor - om korleis ulike grupper saman kan bidra i gudstenesta - illustrerer samtidig kva symbiose går ut på: Ein dreg fordelar av at dei enkelte har ulike gåver, legg vekt på ulike ting og har ulik stil. Men dette skal ikkje berre gjelda førebuingssfasen - det gjeld i minst like høg grad sjølve gudstenesta. Det dreier seg ikkje berre om å få fleire aktørar på banen, men det dreier seg om å få "riktig mann på riktig plass". På enkelte område er vi svært så medvitne, men kor ofte tenkjer ein på kor viktig det er at den som står i døra og ynskjer folk velkomne, har den rette nådegåveutrustning (t.d. gjestevenskap).

Funksjonalitet

Her er det snakk om evaluering: Når vi dei vi ynskjer å nå? Klarer vi å inkludera dei som ikkje er så husvarme i gudstenestesaamheng? Opplever folk seg meir som deltakarar no i høve til tidlegare? Fungerer musikken? Fungerer liturgien? Kommuniserer forkynninga med "kyrkjeuvante"? Gir forkynninga dei noko å veksa på for dei som treng å "komma vidare"? Gjer vi saker og ting som vi alltid har gjort utan å vurdera kor vidt det *fungerer*? I det store og heile: ber dei ulike (del-)tiltak frukt? Sjekklista bak i heftet "Av seg selv" er eit godt utgangspunkt når ein skal vurdera.

I denne samanheng må vi òg stilla spørsmålet om "altarbokfundamentalisme" (innan Den norske kyrkja): Fordeler og ulemper med ein fastlagt liturgi; kor stort slingringsmon har vi i høve til "boka"? Men spørsmålet om kva som fungerer gjeld ikkje i mindre grad kyrkjer som *ikkje* har ein fast liturgi i botn - men som har det likevell! - meir eller mindre tilfeldig samansett.

Ut frå det eg har sagt ovanfor, kan vi vurdera funksjonaliteten av dei enkelte tiltak ut frå kor vidt kyrkjelyden opplever seg som deltakarar (at dette kan vera vanskeleg å mæla, er i anna sak; det blir lett "synsing"). *Ein* ting er å få fleire aktørar på banen (fleire døme ovanfor). Endå viktigare er det å oppnå ei høgare grad av *generell* deltaking. Uansett *er* kyrkjelyden deltakarar: I salmar, bønner, ofring, nattverd; og mange av dei (eldre) trufaste synest det er greitt slik.

Arbeidet med å auka kjensla av å *delta* bør gjerast på ein slik måte at det ikkje opplevest "trugande"; tvert imot må det opplevast frigjerande. Ein måte å gjera det på, og som vi har prøvd ved eit par høve, er å la tida for stille bøn under forbøna svella opp. Medan det er stille, får kyrkjelyden høve til - i tillegg til å leggja offeret i offerskåla - å bruka ulike "bønestasjonar": bønelappar, lysglobe, setja seg framfor ein ikon, komma fram til altaret og bli bedt for, eller berre liggja der for Guds åsyn. (Mange har nytta seg av stasjonane, men sjølvsagt har også mange site og "venta til det var ferdig").

Når det gjeld spørsmålet om kva musikk som fungerer/ kommuniserer, er dette eit "tungt" spørsmål. Det blir for banalt å seia at "moderne" musikk kommuniserer med menneske av i dag, og at den tradisjonelle musikken ikkje gjer det. Også her dreier det seg primært om å delta , og oppleve seg som deltakar.